

18.02.2019

Geografiseksjonen ved Langhaugen vidaregåande skole
Hagerups vei 17
5093 Bergen

18.02.2019

Innspel til Lied-utvalet

Eitt av punkta i mandatet til Lied-utvalet er at «fellesfagenes plass og omfang i de ulike løpene skal vurderes». I samband med dette ynskjer geografiseksjonen ved Langhaugen vgs å koma med eit innspel om fellesfaget geografi på studieførebuande utdanningsprogram.

Geografi må bli eit tretimarsfag.

I tråd med den nye læreplanen er geografi eit fag som eignar seg godt til fagleg fordjuping og fagleg samarbeid med mange fag, sidan faget har basis i både natur- og samfunnsprosessar.

Geografi er det faget som er aller best eigna til å undervisa i temaet bærekraftig utvikling ved at det fokuserer på samspelet mellom natur og menneske.

For å få til tilfredsstillande djupnelæring må faget utvidast til tre timar slik at ein får betre tid til fordjupingsoppgåver og ekskursjonar (møte mellom teori og praksis). Det kan føra til auka forståing av vår tids viktige spørsmål, knytta til klima og bærekraftig ressursutvikling.

Faget er dessutan det einaste avsluttande totimarsfaget pr. i dag. Eit avsluttande fag krev minimum tre timar for å realisera den nye læreplanen sine formuleringar om djupnelæring.

Me vonar at Lied-utvalet vil ta med dette innspelet vårt til auke i timetalet for geografifaget.

Beste helsing
Geografiseksjonen
v/ Elin Strand, Jørgen Jørgensen og Nils Fleten

sign.

sign.

sign.